

# FOLKEHØGSKOLERÅDET

---

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Folkehøgskolene  
Folkehøgskoleorganisasjonene  
Folkehøgskolebladene

J.nr.216/02/Rundskriv

Oslo 24.09.03  
FHSR-rundskriv 22/03

## MINSTEPRISAR SKOLEÅRET 2004/2005

Vedlagt følgjer tilrådinga frå Folkehøgskolerådet om minsteprisar skoleåret 2004/2005.  
Folkehøgskolerådet tilrår at skolane ikkje tar lågare prisar enn tilrådinga.

Folkehøgskolerådet vil også gjere merksam på at nokre elevar som ber om spesiell diett har utvida økonomisk støtte av denne grunn.

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø /s/  
-leiar-

Odd Arild Netland  
-sekretær-

## Minstepris skuleåret 2004/2005

På bakgrunn av forslag frå Økonomiutvalet, har Folkehøgskolerådet gjort vedtak om fylgjande tilråding om minsteprisar for opphald skuleåret 2004/2005.

ØU har teke med at m.a. konsumprisindeksen har auka med 2 % siste året.

- 1. Opphaldspengar**  
Minstepris for skuleåret: **kr 40.300,-**  
Opphaldspengar er summen av det elevane betaler for mat og husrom.
- 2. Innmeldingspengar.** Minstepris ved elevopptak: **kr 1.000,-**
- 3. Elevar som bur «heime»:** **kr 5.500,-**  
Fellesutgifter og enkel formiddagsmat, festmåltider og liknande.
- 4. Utleige , døgerpris, vanlege kurs** **kr 365,-**
- 5. Utleige, døgerpris, enklare kurs.** **kr 220,-** Denne prisen føreset overnatting på rom der kursdeltakarane sjølv gjer reint, ryddar rommet, m.a. overnatting på sal; eige sengetøy, hjelpe til i matsal, servering og rydding.
- 6. Råkostpris**  
Sats for refusjon av kostpengar til våre eigne internatelevar ved turar etc. per døger: **kr 40,-**
- 7. Gjestepreisar** per elev/døgn ved innkvartering ved andre folkehøgskular. **kr 60,-**  
Dette gjeld elevar, elevgrupper og skular som må/vil nytta andre folkehøgskular som innkvartering i samband med prosjekt, ved gjennomreise eller anna opphald som blir avtalt på førehand.